



Kommuneplan for Bremanger, arealdelen 2024 – 2036 Føresegner

Utarbeidd: 02.03.20

Revidert: 15.10.2024

Godkjend: 15.10.2024, KST-077/24

Innhold

1.	GENERELLE FØRESEGNER	5
1.1	Rettsverknad	5
1.2	Forhold til gjeldande reguleringsplanar	5
1.2.1	Reguleringsplanar og utbyggingsplanar som skal gjelde framfor ny kommuneplan	5
1.2.2	Reguleringsplanar og kommuneplanar som skal gjelde som supplement til kommuneplanen.	6
1.2.3	Planar som skal opphevast.....	6
1.3	Plankrav (pbl. § 11-9, 1).....	7
1.3.1	Områda med plankrav:.....	7
1.3.2	Byggjeområde utan plankrav	9
1.4	Rekkefølgjekrav for tekniske anlegg, tenester og utgreiingar (pbl. § 11-9, 4)	9
1.5	Parkering	9
1.6	Tilgjenge for alle (pbl. § 11-9, 5).....	10
1.7	Estetisk kvalitet (pbl. § 11-9, 5 og 6 og § 11-11, 1)	10
1.8	Natur og miljøomsyn (pbl. §11-9 nr. 6)	11
1.9	Overflatevatn.....	11
1.10	Energi.....	11
1.11	Ureining	11
1.12	Krav til minste uteopphaldsareal (pbl. § 11-9, 5).....	12
1.13	Byggegrenser og forbod mot tiltak, langs sjø og elvar (pbl. § 1-8, 11-9 nr 5 og 11-11 nr. 4 og 5) 12	
1.13.1	Byggjegrænse langs sjø.....	12
1.13.2	Byggjegrænse langs vassdrag	13
1.13.3	Byggjegrænse mot veg	13
1.14	Krav om sikker byggjehøgde mot stormflo og havnivåstigning	13
1.15	Lokalisering av handel	14
2.	BYGNINGAR OG ANLEGG (Pbl. § 11-7, 1)	14
2.1	Bustadformål (1110), B1 – B100.....	14
2.1.1	Felles føresegn.....	14
2.1.2	Spesielle føresegner for bustadområda	14
2.2	Fritidsbustader (1120), BFR1 – BFR80	16
2.2.1	Felles føresegn.....	16
2.2.2	Spesielle føresegner for fritidsbustader	16
2.3	Sentrumsføremål (1130), BS1-BS2	17

2.4	Forretningar (1150), BF1 – BF13	17
2.5	Offentleg eller privat tenesteyting (1160), BOP1 – BOP39	17
2.6	Fritids- og turistformål (1170), BFT1 – BFT25.....	18
2.7	Råstoffutvinning (1200), BRU1 – BRU5	19
2.8	Næringsføremål (1300), BN1 – BN72	19
2.9	Idrettsanlegg og sportsanlegg (1400) BIA1 – BIA11,	21
2.10	Andre typar byggje- og anleggspøremål (1500), BAB; naust, båthamner, kraftverk, og kommunaltekniske anlegg m.v., BAB1 – BAB180.....	21
2.10.1	Naust	21
2.10.2	Kommunaltekniske anlegg	21
2.10.3	Spesielle føresegner for byggje- og anleggsområde (BAB)	21
2.11	Uteoppfallsareal (1600), BUT1 – BUT2.....	24
2.12	Grav- og urnelund (1700), BGU1 – BGU13.....	24
2.13	Kombinert byggje- og anleggspøremål (1800), BKB1 – BKB15	24
3.	SAMFERDSELSANLEGG- OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, § 11 – 7, nr 2 (2000)	24
3.1	Samferdselsanlegg (2001), S1 – S16.....	24
3.2	Hamn (2040), SHA1 – SHA13	24
3.3	Parkering (2080), SPA1 – SPA27	25
4.	GRØNSTRUKTUR § 11-7, nr 3 (3000).....	25
4.1	Naturområde (3020), G1 – G3.....	25
4.2	Friområde (3040), GF1 – GF55	25
4.3	Park (3050), GP1 – GP2	25
4.4	Turdrag (linesymbol 1140).	25
5.	LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL § 11-7 nr 5 og 6 (5000).....	26
5.1	Landbruks-, natur- og friluftspøremål (5001), L, LNF.....	26
5.2	LNF for spreidd bygging (5200) LS, LSB, LSF	26
5.2.1	LNF for spreidde bustader og fritidshus (5200), LS1 – LS35.....	26
5.2.2	LNF for spreidde bustader (5210), LSB1 – LSB101	27
5.2.3	LNF for spreidde fritidshus (5220), LSF1 – LSF53	28
6.	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (6000).....	28
6.1	Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone (6001)	28
6.2	Ferdsl (6100), VFE1 – VFE4	29
6.3	Ankringsområde (6110), ANK1 – ANK2	29
6.4	Farlei (6200), VF1 – VF8.....	29
6.5	Hamneområde i sjø (6220), HOS1	29

6.6	Småbåthamn (6230) pbl §§ -11 nr. 4, VS1 – VS32.....	29
6.7	Fiske (6300), VFI1 – VFI18	30
6.8	Akvakultur (6400), VA1 – VA13	30
6.9	Drikkevatn (6500), VD1 –VD43.....	31
6.10	Naturområde (6600), VN1 – VN12	31
6.11	Friluftsområde (6700), VFR1 – VFR58	31
7.	OMSYNSSONER.....	31
7.1	Faresone (pbl. § 11-8 a).....	31
7.1.1	Skredfare, H310.....	31
7.1.2	Flaumfare, H320.....	32
7.1.3	Sone for tryggleik kring storulukkeverksemdar, H350.....	32
7.1.4	Anna fareområde, H390	32
7.2	Sikringssone (pbl § 11-8)	32
7.2.1	Nedslagsfelt drikkevatn.....	32
7.3	Soner med særlege omsyn (pbl. § 11-8 c).....	32
7.3.1	Omsynssone friluftsliv, H530.....	32
7.3.2	Omsynssone landskap, H550.....	32
	Bevaring naturmiljø, H560.....	33
	Bevaring kulturmiljø, H570.....	33
7.4	Bandleggingssone (pbl. § 11-8 d)	33
7.4.1	Etter lov om kulturminne, H730.....	33
7.4.2	Bandleggingssone etter naturvernlova, H720.....	33
7.4.3	Bandleggingssone etter energilova (pbl. §11-8 d), H740.....	33
7.4.4	Bandlegging i påvente av regulering	33
8.	Infrastruktur- og samferdselsliner.....	34
8.1	Infrastrukturliner	34
8.2	Samferdselliner.....	34
9.	Vedlegg 1-8.....	34
	Vedlegg sentrumsavgrensingar, og leikeplassar Langeneset	

1. GENERELLE FØRESEGNER

1.1 Rettsverknad

Føresegner og retningslinjer gjeld for arealdelen til kommuneplan for Bremanger kommune 2024-2036, vedteken av Bremanger kommunestyre den 15.10.2024, sak KST-77/24. Arealplanen er rettsleg bindande for framtidig arealbruk, og skal leggjast til grunn ved all planleggjing, forvaltning og utbyggjing i kommunen. Eksisterande bygge- og anleggstilltak som ikkje er omsøkte og godkjende etter plan og bygningslova, blir ikkje godkjende gjennom denne planen.

Planen er samansett av desse dokumenta:

- Plankart
- Føresegner med juridisk bindande illustrasjonar 01 – 08
- Planomtale med vedlegg
- Konsekvensutgreiing (KU)

1.2 Forhold til gjeldande reguleringsplanar

1.2.1 Reguleringsplanar og utbyggingsplanar som skal gjelde framfor ny kommuneplan

Reguleringsplanar og utbyggingsplanar som skal gjelde framfor ny arealdel er viste som omsynssone, detaljeringssone (910) med planID som omsynssonenamn.

Omsynssone	Plan
198301	Svehogane bustadfelt
198902	Skaret bustadfelt
199201	Struen bustadfelt
199802	Kalvåg
200204	Hauge bustadfelt, bak Stasjonen barnehage
200602	Setrevika deponi
200604	Dyrstad hyttefelt
200702	Bremangersambandet 2 Kolset-Bortnen
200701	Bremangersambandet 2 Bortnen-Sjørdalen
200804	Vågane hyttefelt
200904	Nøre bakkjen hyttefelt Grotle
200909	Bremangersambandet 2 Bortnen-Sjørdalsvatnet endring
200911	Banktomta Kalvåg
201002	Riseelva gangvegssystem
201003	Buvika Kalvåg
201004	Gildreneset hyttefelt mindre endring
201101	Struen hyttefelt
201102	Setrefjellet Dyrstad steintak
201201	Hauge bustadtomt og HDU-bustader
201202	Frøyen skule hente-/bringesituasjon
201204	Kalvøya fiskerihavn
201205	Igland Hyttegrend endring
201206	Smørhamn næringsområde massetak

201207	Løvikneset hyttefelt
201303	Kryss ved rådhuset i Svelgen
201304	Hesteberget, Hytteutleige og Båthamn
201601	Reguleringsplan klatresti Hornelen
201602	Industriområde Breivika
201603	Reguleringsplan steinbrot Aksla
201604	Reguleringsplan montørbase SFE Nygård
201702	Offentleg detaljreguleringsplan for Grotlesanden
201801	Reguleringsplan Fv 614, gang- og sykkelveg Svelgen
201802	Reguleringsplan LNF-føremål Gildreneset
201803	Detaljregulering Fv 614 Svelgen-Myklebust

1.2.2 Reguleringsplanar og kommuneplanar som skal gjelde som supplement til kommuneplanen.

Planid.	Namn
1438.2013.02	Bustadfelt Frøyen ved Steinset
1438.2012.03	Svelgen Sentrum nord
1438.2009.05	Gildreneset hyttefelt
1438.2009.03	Langeneset nedste neset
1438.2006.06	Lisethøgda hytte-/bustadfelt
1438.2006.03	Bjørsvika Hauge
1438.2005.01	Utbyggingsplan Smørhamn
1438.2004.03	Novelandet, Bakkevik gbn 29/2
1438.2004.01	Svelgsdalen motorsportbane
1438.2003.03	Åskora, Yksnelvane, Bjørndalen, anleggsveg
1438.2003.01	Igland hyttegrend
1438.2001.01	Svelgen sentrum
1438.1998.01	Breivika
1438.1997.01	Endring Bjørsvika, utviding industriareal
1438.1996.02	Veg til Berleneset
1438.1995.02	Kolset-Klubben, rasteplass Gloføk
1438.1994.03	Hauge endring Bjørsvika
1438.1994.02	Sande II Mevika, endring forretningstomt
1438.1994.01	Kjelkenesvågen småbåthamn
1438.1993.01	Hauge
1438.1991.01	Brotane bustadfelt
1438.1989.01	Tretteskjervika
1438.1987.01	Sande 2 Mevika, to bustadtomtar
1438.1982.02	Håksskaret bustadfelt
1438.1982.01	Sande II Mevika endring naust
1438.1977.01	Sande 2 Svelgen, Mevika
1438.1972.01	Sande I

1.2.3 Planar som skal opphevast

PlanID	1438.2012.10 Kommunedelplan for parsell av fv 614, Svelgen-Myklebust
	1438.2009.10 Bremangersambandet 2 Sjørdalsbotnen deponiområde

1438.2006.01 Gulestø, steinbrot
 1438.2003.02 Gloføk hyttefelt, mindre endring utan ettersyn
 1438.2002.03 Fagrevika Kjelkenes hyttefelt
 1438.2002.01 Gloføk hyttefelt
 1438.1997.03 Reguleringsplan for anleggsveg og masselager Krakevik
 1438.1997.02 Reguleringsplan for rassikring Magnhildskaret
 1438.1995.04 Reguleringsplan massedeponi Berlepollen
 1438.1995.03 Reguleringsplan massedeponi Haukedalsstranda
 1438.1994.04 Myklebust kryss
 1438.1989.02 Reguleringsplan for pelsdyrgard på Varpe
 1438.1988.02 Langesjø hyttegrennd, utbyggjingsplan
 1438.1977.02 Reguleringsplan for bustadfelt på Ryland

1.3 Plankrav (pbl. § 11-9, 1)

I område avsette til byggjeføremål, og LNF-område med spreidde fritidsbustader i pkt. 1.3.1 (under) kan arbeid og tiltak jamfør pbl § 20-1, tiltak som krev søknad, jfr pbl § 20-2, og frådeling til slike føremål, ikkje gjevast løyve til før området inngår i godkjend reguleringsplan.

1.3.1 Områda med plankrav:

B61 Bustadfelt Brotane, Ålfoten, vestre del.
 B72 Bustadområde Naustneset
 B100 Bustadområde Sandvika.
 B105 Hauge, bak Bremangerhallen.
 BFR1 Hyttefelt Steinset, gbn 3/361 jordsameige
 BFR3 Hyttefelt Liset, gbn 1/4 og 1/83.
 BFR7 Nødset, gbnr. 27/26 m.fl.
 BFR17 Hyttefelt Hessvik, Dyrstad, gbn 36/2
 BFR74 Nødset, gbn 27/11, 26, 57
 BFR75 Struen, gbn 16/8, 197, 198
 BFR76 Ryland, gbn 26/2, 5, 25 og 26
 BFR77 Vindspollen, gbnr. 46/3, plankrav saman med BFT25 og VS29
 BFT7 Sagebø, Turismeverksemd
 BFT12 Gloføk, turisme, publikumsretta næring, gbn 66/1 og 66/7
 BFT18 Turisme og friluftsliv Øyretangen, Ålfoten, gbn 115/23, 115/23/1, 116/2 og 116/2/1.
 Plankrav saman med VS16.
 BFT19 Turisme og friluftsliv Øyretangen, Ålfoten, gbn 115/10 og 115/32. Plankrav.
 BFT20 Sjøretta turisme, Førde i Ålfoten.
 BFT25 Turisme Vindspollen, gbnr. 46/3. Plankrav saman med BFR77 og VS29.
 BFT26 Berle, gbnr. 72/1
 BN8 Industri Smørhamn, gbn 32/107 jordsameige, og gbn 32/18
 BN20 Næringsverksemd Nygård, gbn 65/5
 BN28 Næringsareal Bortne
 BN38 Akvakultur Breivika aust ved båthamna, gbn 38/349
 BN46 Akvakultur Breivika vest, fylling framfor BN45
 BN51 Næring. Steinvika, Birkelia, gbn 40/2
 BN52 Næringsverksemd, Dyrstad (Stølsborden)
 BN55 Næringsverksemd Holmaneset. Plankrav saman med VFE2
 BN59 Lager for reinskemasse, Setrefjellet, gbn 36/1/1 og jordsameige 36/40
 BN64 Industri Indrehus, gbn 44/3
 BN69 Næringsareal SFE, Yksnelvane i Ålfoten
 BN70 Næringsareal SFE, Åskora i Ålfoten

BAB11 Trafikkareal og naust ved småbåthamn Jakopshamn, jordsameige gbn 32/107.
Plankrav saman med VS2.

BAB141 Masselager Vestrebotnen Svelgsdalen, gbn 38/2

BAB146 Landareal småbåthamn Naustneset, gbn 38/3, jordsameige gbn 38/413. Plankrav saman med VS19.

BS2 Sentrumsføremål Hauge

HOS1 Hamneområde, Yksnelvane i Ålfoten.

LSF35 Spreidde fritidsbustader, Berleneset

LSF51 Spreidde fritidsbustader, Berleneset

VFE1 Båtferdsløp ved industriområde Indrehus, gbn 44/3

VFE2 Hamneområde Holmaneset, plankrav saman med BN55.

VF8 Hamn ved næringsområde Kjelkenes, gbn 41/12

VS1 Småbåthamn Frøyalandet ved bubilcamping, gbn 3/14 og 3/333

VS2 Småbåthamn Jakopshamn, jordsameige gbn 32/107. Plankrav saman med BAB11.

VS16 Småbåthamn Øyretangen, Ålfoten, gbn 115/23, 116/2 og 116/2/1

VS19 Småbåthamn Naustneset, jordsameige gbn 38/413 med fleire. Plankrav saman med BAB146.

VS20 Småbåthamn ved Velsneset, gbn 39/4

VS25 Småbåthamn ved Ålfoten nærbutikk

VS29 Vindspollen, gbnr. 46/3, plankrav saman med BFR77 og BFT25

VS32 Småbåthamn Breivika, plankrav saman med BN38.

Føringar for planarbeid (i tillegg til krav i lov og forskrift):

- **Areal til infrastruktur og trafikktryggleik**
Det må avklarast tidleg i planprosessen om planområdet har naudsynt areal til å løyse trafikk, parkering og sikre infrastruktur for mjuke trafikantar. For bustadområde skal det særskilt takast omsyn til trygg skuleveg. I samband med planarbeidet kan kommunen setje rekkefylgjekrav om opparbeiding av infrastruktur for å sikre mjuke trafikantar, og andre tiltak for å sikre trafikktryggleik, før utbygging vert tillate. Det skal så langt som råd leggjast til rette for etablering av breiband, i område for bygningar og anlegg.
- **Drikkevatn**
Det skal vere tilgang til nok og trygt drikkevatn til planføremålet, og vassforsyningsanlegg for nye bustadar/fritidsbustadar skal vere registrert hos Mattilsynet, jf. drikkevassforskrifta.
- **Sløkkjevatn og areal til snøopplag, bossdunkar mm.**
Det skal takast særleg omsyn til kapasitet på sløkkjevatn, nødvendig areal til snøopplag, og felles oppstillingsplass for bossdunkar.
- **Massehandtering**
Byggje- og anleggstiltak skal planleggjast med sikte på å oppnå intern massebalanse, og det skal vurderast plangrep som reduserer masseoverskotet. For planar som genererer større mengder overskotsmasse (over 5 000 m³) skal det lagast ein massedisponeringsplan i samsvar med avfallspyramiden sine prinsipp om å prioritere reduksjon, gjenbruk og materialgjenvinning. Det må setjast av nødvendig areal i planen for handtering av massar/mellomlager dersom gjenvinning eller gjenbruk av massane er aktuelt. Berre massar utan gjenbruks- eller gjenvinningspotensiale bør deponerast. Også reine overskotsmassar er næringsavfall, og skal handterast i samsvar med avfallsregelverket.

1.3.2 Byggjeområde utan plankrav

I byggjeområda utan plankrav jf. pkt. 2.1.2, 2.2.2, 2.4 - 2.9, og 2.10.3, er det fastsett omfang og vilkår for utbygging til dei ulike byggjeområda; bustadføremål, fritidsbustader, fritids- og turistføremål, næring m.v.

For andre byggjeområde enn dei overnemnde pkt, gjeld følgjande: Dersom byggjeområda ikkje har gjeldande reguleringsplan eller spesielle føresegner som opnar for tiltak, er alle nye tiltak i strid med plan, og krev dispensasjon eller planendring.

Mindre tiltak, jf. pkt. 2.1.2, 2.2.2, 2.4-2.8 og 2.10.3, er definert som ikkje-søknadspliktige tiltak etter pbl. §20-5 og tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå føre, jf. pbl. §20-4 bokstav a og e, på eksterande/utbygde tomter.

1.4 Rekkefølgjekrav for tekniske anlegg, tenester og utgreiingar (pbl. § 11-9, 4)

For alle byggjetiltak kan utbygging skje først når følgjande forhold er tilfredsstillande, og i samsvar med gjeldande reglar og normer:

- Vegtilkomst, inkludert infrastruktur for å sikre mjuke trafikantar, og nødvendige tiltak for å sikre trafikktryggleik
- Vassforsyning og sløkkjevotn
- Avlaup
- Samfunnstrygging m.o.t. flaumfare, rasfare, steinsprang, kvikkleire, ureina massar i grunnen osv. For rasfare viser ein til faresonekart der dette ligg føre, og elles til aktsemdskart for snøskred, steinsprang/-skred og for jord- og flaumskred (NVE). Tiltak må vurderast opp mot best tilgjengeleg kunnskap.
- Løysing for renovasjon
- For tiltak i område med omsynssone, skal tilhøvet til omsynssona avklarast før vedtak av plan, eller før byggeløyve blir gjeve.
- Krav om rekkjefølgje skal innarbeidast i reguleringsplanar, for å sikre at tiltaka blir gjennomførte og ev. overordna mål blir nådd.
- Før det blir gjeve løyve til tiltak i sjø, skal det innhentast uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum.
- Alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova

1.5 Parkering

Tabelloversikt for ulike føremål og tilhøyrande parkeringskrav:

Bustadformål, B, spreidde bustader, LS og LSB	Pr bueining: 2,5 biloppstillingsplassar inklusive gjesteparkering. Innanfor definerte sentrumsområde og lokalsenter, jf. pkt. 1.15 og vedlegg 1-7, og for konsentrerte bustader skal det vere 1,5 biloppstillingsplass pr bueining.
Fritidsbustader, BFR, spreidde fritidsbustader, LS, LSF	Pr fritidseining: 1,5 biloppstillingsplassar inklusive gjesteparkering

Andre typar angjevne bygge- og anleggsformål, BAB Offentleg eller privat tenesteyting, BOP Kombinert bygge- og anleggsformål, B/F	Krav til biloppstillingsplass med forsvarleg utforming. Godkjenning av tal parkeringsplassar for kvart byggeområde inngår i kommunen si handsaming av tiltaket
Næring, BN	Minst 1 biloppstillingsplass pr 100 m ² bruttoareal
Parkering for rørslehemma	Minimum 5% ved offentlege og private bygg med publikumsretta verksemd
Sykkelparkering	Det skal leggjast til rette for sykkelparkering nær inngong ved offentlege og private bygg med publikumsretta verksemd

1.6 Tilgjenge for alle (pbl. § 11-9, 5)

Ved utbygging og gjennomføring av tiltak skal det sikrast godt tilgjenge for alle grupper av befolkninga, jfr diskriminerings- og tilgjengelova. Ved planlegging og gjennomføring av tiltak skal det gjerast vurderingar av tilgjenge for alle. Dette skal dokumenterast i planar og byggesøknader.

Alle bygg for servering, overnatting og allmennyttige formål skal gjevast universell utforming, for publikumsretta bruksareal. Alle felles uterom skal gjevast universell utforming, med vekt på tilgjenge for alle.

1.7 Estetisk kvalitet (pbl. § 11-9, 5 og 6 og § 11-11, 1)

Dei estetiske sidene ved eit tiltak skal gjerast greie for i alle plan- og byggesaker. Det skal vurderast korleis tiltaket/planen estetisk framstår i seg sjølv, i høve omgjevnader og fjernverknader, med omsyn til landskap, kulturlandskap og byggjeskikk. Plassering, storleik, formgjeving, material- og fargebruk inngår m.a. i vurderinga.

Offentlege uterom, med bygningar og anlegg og grøntareal, skal ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg det at det skal vere kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. Det skal prosjekterast for god estetisk utforming, som speglar funksjonen til tiltaket, og som er i samspel med omgivnadane.

Ved nye bygge- og anleggstiltak skal det planleggast god terrengtilpassing av tiltaka, slik at ein i størst muleg grad unngår store skjeringar, fyllingar og murar.

Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygg og byggjeskikk i området. Unntak frå dette kan gjerast dersom:

- a) Tiltaket legg opp til særleg god arkitektur som aukar kvaliteten på sine omgjevnader.
- b) Tiltaket inneber særleg gunstige og innovative løysingar for energiforbruk.
- c) Tiltaket kan dokumentere særleg nyskapande bruk av materialar og/eller byggjeteknikkar.
- d) Bygget har ein særleg funksjon som gjer det naturleg at det skil seg frå omgivnadane.

1.8 Natur og miljøomsyn (pbl. §11-9 nr. 6)

Ved planlegging i utbyggingsområde, og i byggjesaker, skal det bl.a. takast omsyn til:

- Naturmangfald og viktige leveområde for planter og dyr
- Bekkar, våtdrag og myrar
- Viktige almenne friluftssinteresser. Barnetrakk og oppvekstsentra sin arealbruk skal takast omsyn til.
- Snarvegar, stiar
- Landskap, t. d. markerte landskapstrekk som horisontliner, fjellkantar og knausar
- Eksisterande vegetasjon og terreng
- Kulturlandskapselement som bygg, tufter, terrengmurar, steingardar m.v.
- Kulturmiljø i nærleiken, t.d kyrkjer og gravplassar
- Ved flytting av massar og maskiner skal det gjerast tiltak for å hindre spreing av uønska artar og planteskadegjerarar.

Marint biologisk mangfald: Før etablering av akvakulturanlegg og søknadspliktige tiltak i og ved sjø, som mellom anna sprenging og utfylling i sjø, er det krav om utgreiing om marint biologisk mangfald. Unntak frå kravet er etablering av stø/båtopptrekk og mindre vorrar for skjerming av stø i naustområde. Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å ivareta det marine biologiske mangfaldet under utbygging og etterpå.

Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.

1.9 Overflatevatn

Alle reguleringsplanar skal innehalde plan for overvasshandtering, inkludert flaumvegar. Handtering av overvatn skal løysast lokalt, så nær kjelda som mulig. Det skal avsetjast tilstrekkeleg areal, slik at alt overvatn innanfor planområde vert handtert i samsvar med tretrinns strategien. Strategien går ut på at overvatn skal handterast på tre nivå:

- 1) Infiltrere små regnmengder
- 2) Forseinke og fordrøye middels regnmengder
- 3) Sikre trygge flaumvegar for ekstreme regnmengder.

Bekkar og vassvegar skal som hovudregel få renne i sitt naturlege løp, og ikkje lukkast. For område som ikkje drenerer direkte til elv/sjø, skal det dokumenterast at eksisterande rør og kulvertar har tilstrekkeleg kapasitet til å ta unna overflatevatn frå planområdet, eller det må gjerast tiltak for å sikre tilstrekkeleg kapasitet. Ved flaumsonevurderingar og dimensjonering av anlegg, skal det reknast med klimapåslag.

1.10 Energi

Energifleksibilitet og alternative løysingar for varme og kjøling, skal vurderast i byggjesøknad for alle bygg.

1.11 Ureining

Ulemper som følge av støv, støv, lys og anna ureining på og i grunnen, skal utgreiast ved nye tiltak. Der slik ureining kan førekomme, må tiltakshavar gjere avbøtande tiltak med sikte på å unngå ulemper.

Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) gjeld for alle byggje- og anleggstiltak, inkludert utbygging etter gjeldande reguleringsplanar. Ved byggjesøknad skal det dokumenterast at tiltaket er innanfor støygrensene i pkt. 2.2, tabell 2, i retningslinjene (T-1442/2021).

Ved planlegging for etablering av støyande verksemder eller støyfølsame tiltak, skal det utarbeidast ei støyfagleg utgreiing som dokumenterer at krav til maks innan- og utandørs støy vert nådd.

Fylling i sjø skal godkjennast etter ureiningslova. Oppfyljing av krav til arbeidet etter plan- og bygningslova skal dokumenterast i prosjekteringa, og arbeidet skal gjennomførast i samsvar med godkjend plan.

1.12 Krav til minste uteopphaldsareal (pbl. § 11-9, 5)

Det skal vere minimum 50m² uteareal per bueining.

Privat og felles uteopphaldsareal som skal reknast med som nødvendige minimumsareal, skal ha følgande kvalitetar:

- Areal skal ha ei solrik plassering (sør- og vestvendt), og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy og trafikkfare.
- Utbygde areal, som trafikk- og parkeringsareal, fareområde og areal brattare enn 1:3, skal ikkje reknast med som uteopphaldsareal.

Leikeplassar/rekreasjonsareal

Ved utbygging av fire eller fleire bueiningar, skal det avsettast og opparbeidast felles tilfredsstillande leike- og opphaldsareal. Fellesarealet skal ferdigstillast før mellombels bruksløyve eller ferdigattest blir gjeve. Leikeplassar og rekreasjonsareal skal utformast på ein slik måte at dei stimulerer til motorisk aktivitet og kreativ leik, og ha trafiksikker og universelt utforma tilkomst.

Ved utbygging av areal som vert nytta til leik og rekreasjon, eller er eigna til slik bruk, skal det tilretteleggast erstatningsareal jf. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995).

Bueiningar skal ha tilgang på:

- nærleikeplass innanfor gangavstand 200 meter. Nærleikeplassar skal vere minimum 200 m² og innehalde sitteplassar og leikeapparat.
- områdeleikeplass innanfor gangavstand 500 meter. Områdeleikeplassar skal vere minimum 1000 m² og innehalde benk og leikeapparat, og vere tilrettelagt for balleik, aking, sykling eller liknande.

1.13 Byggegrenser og forbod mot tiltak, langs sjø og elvar (pbl. § 1-8, 11-9 nr 5 og 11-11 nr. 4 og 5)

1.13.1 Byggegrense langs sjø

For byggjeområde utan plankrav, og for område for spreidd byggjing i LNF-område, er byggegrense mot sjø fastsett i føresegnene for kvart delområde.

I LNF-område skal byggegrense mot sjø, for naudsynte bygg for landbruksdrift, fylgje eksisterande gardstun. Naudsynte bygg til fiske eller ferdsel til sjøs kan setjast i verk 2 meter frå strandlina, målt i horisontalplanet ved middel høgvasstand.

Mellombelse tiltak jfr pbl § 30-1 første ledd bokstav j, er ikkje tillate i 100m-beltet langs sjø.

Flyttbare bygningar, konstruksjonar og anlegg, campingvogner og liknande, kan ikkje plasserast nærare strandline enn 30 m. Unntak er plassering av campingvogn/bubil på

campingplass, vinteropplag av båt, eller nødvendig plassering i samband med pågåande anleggsarbeid.

Det kan ikkje setjast opp konstruksjonar eller gjerast andre tiltak som privatiserer eller hindrar tilgjenge i fjøra. Dette gjeld også oppføring av gjerde kring bustad- og fritidstomtar innanfor byggjegrensa langs sjø.

I LNF-område kan det, der det er nødvendig for landbruksdrifta, setjast opp nettinggjerde heilt til sjø og vassdrag, under føresetnad av at det vert lagt til rette for enkel passasje (grind eller tilsvarande).

1.13.2 Byggjegrense langs vassdrag

Langs våtdrag og bekkar (nedbørsfelt <20 km² og årssikker vassføring) er det ikkje tillate med andre tiltak etter § 1-6 i pbl. enn fasadeendringar, nærare enn 20 m frå bekken. Byggjegrense mot Riseelva, Svelgselva, Indrehuselva, Dalevassdraget, Storelva/Sagelva i Ålfoten, Førdedalselva i Ålfoten, Åskorelva, Vestre Yksneelva, (elvar med nedbørsfelt >20 km²) skal vere minst 50 meter målt frå ytste elvekant. Desse byggjegrensene frittek ikkje for dokumentasjonskrav vedkomande trygg byggjegrund.

Dersom den vertikale avstanden mellom tiltaket og normalvasstanden i bekken/elva er mindre enn maksimal vasstandsstigning oppgeve i aktsemdskart for flaum (NVE), må det ligge føre dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik utført av fagkunnige.

For tiltak langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til landskap, vassmiljø og kantvegetasjon.

1.13.3 Byggjegrense mot veg

Byggjegrense, målt frå vegmidte, er 30m for fylkesveg og 15m frå kommunal veg. Unntak er fv 616 på strekninga Bortnetunnelen – Kalvåg og fv. 614, som har 50m byggjegrense.

For fylkesveg skal det vere streng haldning til avkøyrslbehandling, jf. gjeldande rammeplan for avkøyrsl, Vestland fylkeskommune.

Avkøyrsl frå kommunal veg blir handsama i kvar sak, og det skal leggjast vekt på samordning av avkøyrsl.

1.14 Krav om sikker byggjehøgde mot stormflo og havnivåstigning

Minimumshøgde for kaiar, vegar og første etasjenivå i bygg nær sjø, er etter dagens tilråding frå DSB, og ROS-analyse i denne planen, sett til underståande høgde over havet.

Tryggleiksklasse 1 (F1): kote 2,20 (NN200) + påslag for bølgepåverknad og vindoppstuving

Tryggleiksklasse 2 (F2): kote 2,30 m + påslag for bølgepåverknad og vindoppstuving

Tryggleiksklasse 3 (F3): kote 2,40 m + påslag for bølgepåverknad og vindoppstuving

For eksisterande bygningar, og anlegg som vegar og kaiar m.v., nær sjø og under overnemnde byggjehøgde, må ein vurdere sikringstiltak. Bygningar og anlegg som ikkje er tenleg å bruke med kravd byggjehøgde, t.d. naust og andre tiltak i tryggleiksklasse 1, kan byggjast lågare, dersom det er dokumentert i søknad kva tiltak som er prosjektert for å avbøte skadeverknader av evt stormflo.

1.15 Lokalisering av handel

Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillate innanfor avsette byggjeområde i arealplan som opnar for slik verksemd. Det skal likevel leggjast til rette for framhald og vidareutvikling av eksisterande handelsverksemd i område utan reguleringsplan.

Jfr regional handelsføresegn vedteken 02.10.19 av fylkestinget, er Svelgen definert som sentrumsområde. Sentrumsavgrensinga er fastsett med linesymbol i plankartet til denne planen, og i juridisk bindande illustrasjon *07 Svelgen*.

Innanfor sentrumsavgrensinga skal det ikkje etablerast plasskrevjande handel, men slik verksemd kan likevel etablerast utanfor sentrum, i direkte tilknytning til sentrumsavgrensinga.

Lokalsenter er definerte og avgrensa med linesymbol i plankart, og i juridisk bindande, nummererte illustrasjonar: *06 Alfoten, 05 Davik, 04 Leirgulen, 03 Iglandsvik, 02 Hauge og 01 Kalvåg*. Plasskrevjande handel kan ikkje etablerast innanfor lokalsentra, og handel skal i hovudsak vere daglegvare.

Handelstilbod skal mest muleg samlast og konsentrerast, og arealbruk i sentra skal prioriterast nytta til publikumsretta verksemdar. Det skal prioriterast, og leggjast til rette for, universelt tilgjenge og trygg ferdsel for gåande og syklande, i sentrumsområdet og dei seks lokalsentra.

2. BYGNINGAR OG ANLEGG (Pbl. § 11-7, 1)

2.1 Bustadformål (1110), B1 – B105

2.1.1 Felles føresegn

Bustadtomtar kan delast frå med inntil 2,0 daa, og ha maks utnyttingsgrad BYA 30%. Bustader kan ha maks. bruksareal (BRA) på 250 m². Maks gesimshøgde er 7 m. Garasje kan ha inntil 70 m² BRA, og maks mønehøgde 5,0 m. Ved motstrid gjeld dei spesielle føresegnene i punkt 2.1.2 framfor felles føresegn, punkt 2.1.1.

2.1.2 Spesielle føresegner for bustadområda

Innanfor byggjeområda for bustadar opnar ein for følgjande:

B1 Frøyen ved Steinset. Byggjegrænse mot sjø er 75 m. Tomtar skal delast frå i samsvar med reguleringsplan, Planid 201302. Føresegner for reguleringsplan, planid. 201302 er gjeldande.

B2 Frøyen ved Steinset. Føresegner for reguleringsplan, planid. 201302 er gjeldande så langt den passar.

B16 Torvanger. Eksisterande. Ingen nye bustadeiningar. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar, er tillate.

B16 Torvanger, framtidig. Tilkomst frå Torvangervegen. 3 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø skal følgje føremålsgrænse/fylkesveg. Tomtar skal ha maks storleik inntil 1 daa.

B17 Hauge, Bjørsvika. Eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse.

B18 Hauge. Eksisterande. Byggjegrænse mot sjø fylgjer byggjegrænsa langs oppside fylkesveg. Utbygging i samsvar med planid. 201804 Hauge bustadtomtar og HDU-bustadar. Elles er berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar, tillate.

B19 eksisterande byggjeområde Hauge. Ingen nye bustadeiningar. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar, er tillate.

B20 Berle, fortetting med 4 einingar. Område som i dag er tilrettelagt for leik, skal takast vare på for dette føremålet. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrense.

B61 Brotane. 4 nye einingar. Plankrav for område vest for regulert område. Byggjegrænse mot sjø 25 m.

B64 Kvelve. 6 nye einingar. Ved byggjeløyve skal det liggje føre situasjonsplan for alle tomtane, inklusive løysing for infrastruktur og felles leikeareal. Maks 1 daa storleik på bustadtomt for einebustad.

B72 Naustneset, konsentrerte bustadar. Plankrav. Området skal ha ei høg utnytting. Detaljregulering må ivareta gjennomgåande gangsti. Sikring av hammar mot sjø.

B73 Langeneset, eksisterande. Fortetting med inntil 3 bueiningar. Opne plassar som er, og har vore, nytta til leik, skal ikkje byggjast ut, men vere disponible for dette føremålet. Sjå vedlegg 08 *Leikeplassar Langeneset*, juridisk bindande illustrasjon med plassering av områda. Innanfor B73 opnar planen for byggjing av snarveg/sti, frå regulert bustadfelt på nedste Langeneset og opp til fylkesveg 614, via jølet mellom tomtane gbn 39/38 og 39/18.

B74-76 Langeneset, nedste neset. Byggjegrænse mot sjø fylgjer føremålsgrensa. Reguleringsplan for Langeneset, planid. 200903, er gjeldande så langt den passar.

B79 Midtgulen, Sandvika. Eksisterande byggjeområde. Fortetting med inntil 3 einingar.

B80-B82 Bustadområde Ytrehus, eksisterande. Ingen nye bustadeiningar. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate.

B92 Bustadfelt Sande. Byggjegrænse mot sjø 25 m. Utnyttingsgrad 25 % BYA.

B94 Bustadfelt Håksskaret. Føresegner for reguleringsplan, planid. 198202 er gjeldande så langt den passar.

B95 Bustadtomt Sande, ei ny eining. Tilkomst skal samordnast med eksisterande avkøyrslé. Byggjegrænse mot sjø er minst 20 m, og bygg skal plasserast minst 4 m frå faresone mot hamrane. Bustadhuset skal tilpassast terreng og omgjevnader, og skal ha dempa fargar tilpassa landskapet ikring. Inngrep på tomte skal unngåast i området som er eksponert mot sjøen. Gesimshøgde skal vere maks 3 m over eksisterande, høgste punkt på tomte og mot hammar i sørvest og nordvest. Tomte skal forsvarleg inngjerdast.

B96 Sande, gbn 37/200, Ospekleiva. Ei ny eining. Vassleidning må leggjast om før utbygging.

B98 Indre Hauge, nedanfor fylkesvegen. Fortetting med to nye einingar. Byggjegrænse mot sjø fylgjer føremålsgrensa.

B99 Torvanger. 2 nye einingar. Infrastruktur skal samordnast med den eksisterande. Byggjegrænse 50 m frå strandline. Landskap skal særleg vektleggjast ved plassering og utforming av bustadhusa. Felles avløpsleidning som går over området, må ivaretakast.

B100 Sandvika, sørside fylkesveg 614. Plankrav. Inntil ti bustadtomtar. Tomt for einebustad kan vere maks 1 daa. Fleirbustadbygg bør vurderast. Stabilitet i grunn må utgreiast i

detaljregulering, og drikkevatn, avløp og overvatn må avklarast. Snarveg til sjøen og tilstrekkeleg areal til leik må sikrast.

B102-103 Fossestranda sør, 3 nye einingar. Byggjegrense mot sjø fylgjer føremålsgrensa.

B104 Frøyalandet. Fortetting med inntil 3 nye einingar.

B105 Hauge. Plankrav. Min 2 einingar pr daa tomteareal. Krav til uteareal kan fråvikast.

B106 Eikeset. 3 nye einingar. Byggjegrense mot sjø fylgjer føremålsgrensa.

2.2 Fritidsbustader (1120), BFR1 – BFR80

2.2.1 Felles føresegn

Tomter kan delast frå med inntil 1,0 daa, og BYA skal vere maks 20%. Maks gesimshøgde er 7m, og storleiken på fritidshus er avgrensa til BRA 150m². Det skal ikkje oppførast garasje. Ved motstrid gjeld dei spesielle føresegnene i pkt. 2.2.2 framfor felles føresegn pkt 2.2.1.

2.2.2 Spesielle føresegner for fritidsbustader

BFR1 Steinset. Plankrav. Småkupert terreng gjer prosjektering for god landskapstilpassing ekstra viktig. Utbygging av myr søraust og nordaust i planområdet, og tiltak som medfører drenering av desse myrpartia, skal unngåast. Området skal knyte seg til regulerte vegar i reguleringsplan for Ytre Frøyen - Steinset bustadfelt. Byggjegrense mot sjø fylgjer føremålsgrensa. Maks 20 einingar.

BFR3 Liset, Kalvåg. Plankrav. Tilkomst skal skje via ny avkøyrsel frå kommunal veg. Sti til Kongstjenna med badeplass, skal regulerast i same plan. God terrengtilpassing skal vektleggast i detaljregulering. Byggjegrense mot sjø skal følgje føremålsgrensa. Maks 12 einingar.

BFR4 Gildreneset, eksisterande sjøbu/fritidsbustadeining. Ikkje tillate med nye tiltak. Byggjegrense fylgjer veggiv på eksisterande bygg.

BFR5-7 Gildreneset hyttefelt. Byggjegrense følgjer føremålsgrensa.

BFR9 Vågane, eksisterande fritidsbustader. Ingen nye einingar. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate. Byggjegrense mot sjø følgjer planføremålet. Tiltak innanfor omsynssone H310_4 er ikkje tillate utan at det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot skred.

BFR14 Lisete i Berle. 3 nye einingar i eksisterande bygg. Situasjonsplan i byggjesøknad skal syne løysing for uteområde og utbeta tilkomst. Byggjegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygning.

BFR15 Ytrehaug, fortetting med 3 fritidsbustadar. Byggjegrense mot sjø skal følgje formålsgrensa.

BFR17 Hessvik/Flotegrunden. Inntil 8 nye einingar. Plankrav. Byggjegrense mot sjø følgjer planføremålet.

BFR72 Langesjø hyttegrend. Eksisterande hytter. Ingen nye einingar. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate. Maks BRA 100 m². Det kan tillatast 1 uthus med maks 20 m² BRA og inntil 3,0 m/4,0 m gesims-/ mønehøgde på kvar tomt. Byggjeskikk,

materialbruk og fargebruk på bygningar skal vere som i dag, som er tradisjonelt utforma hytter med saltak og liggjande trekledning i naturtilpassa farge. Det skal ikkje setjast opp gjerde eller leveggar. Ubebygde del av tomtane skal vere naturområde som i dag, utan masseutskifting for opparbeiding av trafikkareal eller anna. Byggjegrænse fylgjer formålsgrænse.

BFR74 Nødset, gbn 27/11, 26 og 57. Plankrav. Opnar for bruksendring av eksisterande sjøbuer til fritidsbustad, og etablering av inntil 2 nye einingar fritidsbustader. Nye einingar skal tilpassast eksisterande bygnad i volum og plassering. Byggjegrænse mot sjø fylgjer eksisterande bygnad, og skal nærare fastsetjast i detaljregulering. Plan skal inkludere tilkomst frå hovudveg.

BFR75 Struen, fortetting med 4 einingar. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø fylgjer planføremålet. Nye bygg skal tilpassast eksisterande sjøbuer i volum og plassering.

BFR76 Ryland, fortetting med 6 einingar, i tillegg til endring av Smørhamnsvegen 11. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø er minimum 10 m, med unntak for eksisterande bygnad. Detaljert byggjegrænse vert fastsett i detaljregulering.

BFR77 Vindspollen. Plankrav saman med BFT25 og VS29. Maks ti einingar. Tal einingar må avklarast nærare gjennom detaljregulering. Landskapstilpassing skal særleg vektleggjast i detaljregulering.

BFR78 Svarstad. Føresegner for utbyggingsplan, planid. 200703, er gjeldande så langt den passar. Byggjegrænse naust mot sjø 0 m.

BFR80 Lisethøgda, eksisterande hyttefelt. 3 nye fritidsbustader. Føresegner for utbyggingsplan, planid. 200606, er gjeldande så langt den passar.

2.3 Sentrumsføremål (1130), BS1-BS2

BS1 Området i Svelgen sentrum skal nyttast i samsvar med reguleringsplanar, planid. 200101 Svelgen og planid. 201203 Svelgen nord.

BS2 Hauge. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø skal fylgje byggjegrænse langs Fv 5706. Føremålet er avgrensa til privat og offentleg tenesteyting og publikumsretta næringsverksemd, som må liggje sentralt. Arealet skal ha høg utnytting.

2.4 Forretningar (1150), BF1 – BF13

Området skal brukast i samsvar med gjeldande reguleringsplanar.

BF1 og BF2 Hauge. Byggjegrænse mot sjø 10 m. Føresegner til reguleringsplan, planid. 1993.01 er gjeldande.

BF7 Ytrehus sag. Mindre tiltak knytt til eksisterande næringsverksemd er tillate.

2.5 Offentleg eller privat tenesteyting (1160), BOP1 – BOP39

BOP13 Uteområde ved grendahuset i Dalen. Aktivitetsområde/naturleikeplass. Det skal ikkje gjerast større terrengingrep eller tiltak som kan medføre drenering av myr. Tilkomst skal ha universell utforming.

BOP14 Eksisterande grendahus i Dalen med parkeringsplass. Det kan gjevast løyve til mindre utviding av grendahuset, BYA inntil 100m², føresett at det blir lagt til rette for universelt tilgjenge. Parkeringsplass kan nyttast til bubilparkering i avgrensa omfang, forutsett at sanitær og renovasjon vert ivareteke.

BOP39 Ålfoten oppvekstsenter. Tiltak knytt til drifta av oppvekstsenteret er tillate.

2.6 Fritids- og turistformål (1170), BFT1 – BFT26

Føremålet gjeld bygggeområde sett av til fritids- og turistføremål med tilhøyrande bygningar, vegar og teknisk anlegg. (Pbl § 11-7 nr. 1.)

BFT1 Frøyalandet, eksisterande område for bubilcamping. Mindre tiltak kan tillatast. Byggjegrænse mot sjø følgjer eksisterande tiltak.

BFT2 Vågane, eksisterande flytehytter, ingen nye einingar. Større tiltak, eller tiltak som medfører inngrep i terreng og strandsoner, er ikkje tillate.

BFT4 Berle, tidlegare Berle skule. Opnar for kombinert næring og utleige.

BFT7 Sagebø. 3 nye einingar, der den eine er bruksendring av eksisterande sjøhus. Krav om detaljregulering. Bygg kan oppførast i 1 etasje med loft. Maks BYA er 80m², og maks gesimshøgde 5m. Bygningane skal ha saltak med mellom 35 og 45 grader vinkel, og vere tilpassa byggjeskikken på staden. Byggjegrænse mot sjø for nye bygg er 3 m. Flaumfare, grunntilhøve og tilkomst/infrastruktur må avklarast gjennom detaljregulering.

BFT12 Gloføk. Plankrav. Det skal vere felles avkøyrsel med BAB44. Byggjegrænse mot sjø minimum 40 m. .

BFT18 Øyretangen Ålfoten. Område for fritidsturisme og friluftsliv. Plankrav ilagmed VS16. Flaumfare og fare for kvikkleire må avklarast gjennom plan. Byggjegrænse mot sjø er minimum 20 m, og vert nærare avklara gjennom detaljregulering. Byggjegrænse mot elv må vere minimum 10 m, og elles i samsvar med flaumfarevurdering. Kantvegetasjon skal reetablerast.

BFT19 Øyretangen Ålfoten. Område for fritidsturisme og friluftsliv. Plankrav ilagmed VS17. Flaumfare og fare for kvikkleire må avklarast gjennom plan. Byggjegrænse mot sjø er minimum 20 m, og må nærare avklarast gjennom detaljregulering. Byggjegrænse mot elv må vere minimum 10 m, og elles i samsvar med flaumfarevurdering. Kantvegetasjon langs elv skal reetablerast.

BFT20 Nesbø. Området er for eksisterande klatrepark med tilhøyrande eksisterande bygg for lager og service. Deler av bygg kan nyttast til lager m.v. i samband med drift av Hennøy vindkraftverk og drift av landbrukseigedomen. Planføremålet opnar for utviding av klatreanlegget

BFT22 Førde i Ålfoten. 1 ny eining. Fritidsturisme og sjøretta aktivitetar ilagmed VS26. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø er 5m. Flaumfare og fare for kvikkleire må utgreiast nærare, med evt sikringstiltak, gjennom detaljregulering. Bygg skal vere tilpassa byggjeskikken på staden.

BFT25 Vindspollen, turisme. Plankrav saman med BFR77 og VS29. Omfang av tiltak må avklarast gjennom detaljreguleringa. Byggjegrænse mot sjø for turismeføremålet er minst 40 m. Landskapstilpassing skal særleg vektleggjast i detaljregulering. Stabil byggjegrunn må sikrast gjennom detaljregulering.

BFT26 Berle, gbnr. 72/1. Utleigehytter/campingplass i tilknytning til BFT4. Plankrav.

BFT27 Øyrane, Ålfoten. Eksisterande utleigehytte.

2.7 Råstoffutvinning (1200), BRU1 – BRU5

BRU2 Løvikneset. Plankrav ved utviding av eksisterande brot og for alle nye tiltak.

BRU5 Aksla. Steinbrot med tilhøyrande anlegg. Detaljregulert, Steinbrot Aksla, planid.201603.

2.8 Næringsføremål (1300), BN1 – BN72

Felles føresegn: Verksemd med vesentlege miljølempar skal ikkje etablerast. I næringsbygg kan det vere kontorareal tilknytt verksemda i bygget. Utelagring skal vere ryddig, og skjerma med permanent bygning eller konstruksjon. Fylling i sjø skal avsluttast med mur, plastring, kai eller tilsvarande konstruksjon.

BN1 Steinset. BYA 9%. Byggjegrænse mot sjø følgjer eksisterande bygning. Føresegner i Planid 2013.02, punkt 5.2, gjeld.

BN2 Steinset. BYA 25%. Byggjegrænse mot sjø er 10 m. Føresegner i Planid 2013.02, punkt 5.3, gjeld.

BN8 Kvernavika, Smørhamn. Plankrav. Avgrensing av området for å unngå nedbygging av myr, må vurderast gjennom detaljregulering.

BN9, Smørhamn, eksisterande verksemd, maks BYA 70%. Nye bygg kan ha til saman inntil 200 m² BRA. Mønehøgde og hovudutforming skal tilpassast eksisterande byggnad på byggeområdet. Byggjegrænse mot sjø er 20 m.

BN12 Tretteskjervika, eksisterande næring.

BN13 Bjørsvika, Hauge. Byggjegrænse mot sjø 2 m. Føresegner for utbyggingsplan, planid. 200603 er gjeldande så langt den passar. For området utan utbyggingsplan er maks. gesimshøgde 6 m og maks. mønehøgde 9 m, utnyttingsgrad maks 50 % BYA. Før utbygging må det ligge føre godkjend situasjonsplan som viser trafikkareal, grønstruktur og bygningsmasse.

BN20, Nygård. Næringsverksemd. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø fylgjer planføremålet. Området kan nyttast til gjenbruksstasjon for heile kommunen.

BN27 Bortnen. Eksisterande verkstad/lager. Landbasert fiskeoppdrett i samsvar med gjeldande konsesjon.

BN28 Bortnen. Plankrav. Området kan nyttast til gjenbruksstasjon for heile kommunen. Mindre bygg på inntil 70 m² kan etablerast i èin etasje, og skal ha saltak.

BN35 Verket, smelteverk tilhøyrande Elkem ASA. Det må prosjekterast og gjennomførast sikringstiltak av fagkunnige, før det kan gjevast løyve til tiltak i dei deler av området som har reell skredfare. Byggjegrænse mot sjø er 0 m.

BN37 Næringsareal ved Svelgselva, eksisterande.

BN38 Breivika aust. Plankrav saman med flytting av småbåthamn, VS32. Mulige tiltak for å avgrense skade på ålegraseng i Breivika, skal vektleggjast i detaljregulering. Fare for kvikkleire må utgreiast nærare. Byggjegrænse mot sjø er 5 m frå fyllingskant.

BN39 Ålfoten gbnr. 116/9. Eksisterande næringsverksemd.

BN46 Breivika vest, fylling i sjø. Plankrav. Fare for kvikkleire må utgreiast nærare. Byggjegrænse mot sjø er 5 m frå fyllingskant, detaljert grænse blir fastsett i plan.

BN49 Utviding av næringsareal Rise, Klausen. Utnyttingsgrad maks 75 % BYA. Største gesimshøgde 7,5 m.

BN51 Steinvika gbn 40/2. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø fylgjer føremålsgrensa. Detaljert byggjegrænse må avklarast i detaljregulering. Krav om skredfarevurdering på del av areal ovanfor fylkesvegen.

BN52 Dyrstad, Stølssporden. Området kan nyttast gjenbruksstasjon eller alternativt til næring, evt. lager for eksplosivar. BYA maks 70%, gesimshøgde 7m. Byggjegrænse mot sjø 50 m. Plankrav ved ny bruk av området. Ureina grunn.

BN53 Sagbruk Indrehus, eksisterande. Byggjegrænse mot elv følgjer eksisterande bygning.

BN54 Kjelkenes. Byggjegrænse mot sjø er 5 m. Krav om detaljregulering ved større byggje- og anleggstiltak.

BN55 Næring Holmaneset. Plankrav saman med VFE2. Byggjegrænser, plassering og utforming av tiltak, tryggleik mot naturfarar og samfunnstryggleik må avklarast i detaljregulering. Omsyn til ålegraseng, Litleholmen og massebalanse, skal vektleggjast i planarbeidet.

BN56 og BN57 Eksisterande næring Tretteskjervika. Byggjegrænse mot sjø 10 m. Føresegnene for reguleringsplan, planid. 198901 er gjeldande så langt det passar.

BN59 Dyrstad. Arealet skal nyttast til mellomlagring av reinskemassar frå Setrefjellet steinbrot. Detaljregulert, Steinbrot Aksla, planid.201603.

BN60 Marafjellet. Krav om ROS-analyse for m.a å vurdere risiko for steinsprut. Krav om detaljregulering for større byggje- og anleggstiltak.

BN61 Hennøy ved Aksla. Området skal nyttast til tilkomst, anleggsvegar, nødvendige bygg, sedimenteringsbasseng og anna som knyter seg til driftsfasen for steinbrotet på Aksla. Detaljregulert, Steinbrot Aksla, planid.201603.

BN62 Hennøy ved Aksla. Området skal nyttast til masselager og utskipingsområde for steinbrot på Aksla. Detaljregulert, Steinbrot Aksla, planid.201603.

BN64 Indrehus. Plankrav, ilagmed VFE1 for ferdselsområde i sjø. Fare for kvikkleire må utgreiast. Byggjegrænse mot sjø minimum 2 m. Detaljert byggjegrænse blir fastsett i plan.

BN66 Myklebust gbn 45/5. Eksisterande næringsverksemd. Nye, søknadspliktige tiltak kan ikkje gjevast løyve til utan flaumfarevurdering og evt sikring. Bygg skal ha saltak og BYA maks 60%, gesimshøgde maks 4 m, mønehøgde maks 8 m. Minimum 20 m byggjegrænse mot elv og sjø, flaumfarevurdering kan medføre auka byggjegrænse. Eventuelle tiltak under kote +3 moh må vere dimensjonert for å tole stormflo og bølger. Kantvegetasjon mot elv må reetablerast.

BN69 Yksnelvane, Ålfoten. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø er minimum 10 m.

BN70 Åskora, Ålfoten. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø er 10 m. Tryggleik mot naturfarar, omfang og utforming av tiltak, må avklarast gjennom detaljregulering.

2.9 Idrettsanlegg og sportsanlegg (1400) BIA1 – BIA11,

Føremålet omfattar eksisterande idrettsbaner, skytebaner m.v.

BIA1 Motorsportbane og idrettsplass, Kalvåg

BIA2 Skytebane Førse

BIA3 Bremanger stadion, indre Hauge

BIA4 Bjørsvika kunstgrasbane og nærmiljøanlegg, Hauge

BIA6 Karlskaret skytebane og lysløypeanlegg, med tilhøyrande klubbhus/servicebygg.

BIA7 Motorsportbane Svelgsvatnet

BIA8 Svelgen stadion med servicebygg/klubbhus

BIA9 Berle stadion og grendahus/klubbhus

BIA12 (BTA12) Aktivitetsplass. Eksisterande.

2.10 Andre typar byggje- og anleggsføremål (1500), BAB; naust, båthamner, kraftverk, og kommunaltekniske anlegg m.v., BAB1 – BAB182

2.10.1 Naust (gjeld også sjøbuer)

Felles føresegn: Naust er uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr og fiskereiskap. Innreiing for opphald eller overnatting er ikkje tillate. Naust skal ikkje ha loft med målbart areal jf. Norsk Standard NS 3940:2012, og skal ha tradisjonell formgjeving, material- og fargebruk, tilpassa omgivnadene. Naust kan byggjast enkeltvis eller i rekkje. Storleik for naust er avgrensa til 50m² BYA, 3,5 m gesimshøgde, 5 m mønehøgde, og bygga skal ha saltak med 35 til 45 grader takvinkel. Areal av dagslysflate for vindu, er avgrensa til 3% av bygget si grunnflate. Veranda eller utkraging, levegger, plattingar og gjerde, er ikkje tillate. Takutstikk kan vere inntil 0,5m. Strandsona skal vere open for fri ferdsel. Toalettrom kan tillatast dersom det er fellesanlegg for 3 eller fleire nausteiningar. I naustområde kan det etablerast stø/båtopptrekk og mindre vorrar for skjerming av stø. Det skal ikkje gjerast store terrenginngrep (skjeringar og fyllingar) på tomtane.

Deling av tomtar for naust skal avgrensast til det som er nødvendig for føremålet, og plassering av tomtar og naust skal vurderast ut frå strandsonekvalitetar som badeplassar, stiar, landskap og andre allmenne interesser.

For naustområda er byggjegrænse mot sjø 0 m, dersom ikkje anna er definert i dei spesielle føresegnene for byggjeområdet pkt. 2.10.3.

2.10.2 Kommunaltekniske anlegg

Innanfor områda kan etablerast bygningar og anlegg i tilknytning til drift av vassanlegg og gjenbruksstasjon. For vassverk er gesimshøgde maks 9 m og BYA maks 50%.

2.10.3 Spesielle føresegner for byggje- og anleggsområde (BAB)

BAB8 Frøyalandet, 3 nye naust. Byggjegrænse mot sjø er 2 m for naust og 0 m for sjøbu. Nye bygg skal tilpassast eksisterande byggjeskikk.

BAB9 Frøyalandet, 4 nye naust. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

BAB10 Skatestraumen, eksisterande naust og molo.

BAB11 Jakopshamn, Smørhamn. Planføremålet opnar for parkering for småbåthamna. Området skal detaljregulerast i same plan som VS2, småbåthamn. Byggjegrænse mot sjø er 5m.

BAB12-13 Gildreneset, naustområde. Byggjegrænse fylgjer føremålsgrensa.

BAB14 Trongesundet, tidlegare kommunalteknisk anlegg. Masselager og -handtering. Plankrav for nye tiltak. Byggjegrænse mot sjø fylgjer føremålsgrensa.

BAB16 Eksisterande fiskerimolo og naustområde, Løvikstranda.

BAB20, 21, 22 Struen, sjøhusmiljø. Den tradisjonelle sjøhusbyggnaden skal takast vare på. Ved planar om bruksendring av tradisjonelle sjøhus til nærings- eller bustadføremål, er det krav om godkjend reguleringsplan før det kan gjevast løyve. Detaljreguleringsplanen skal ivareta allmenne interesser og tryggleik mot naturfarar og brannspreiing. Det skal ikkje opnast for landskaps- eller bygningsmessige inngrep som endrar området sin karakter.

BAB23 Indre Hauge ved Struen. 2 nye naust utan bilveg. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

BAB25-26 Naust, sjøbuer og bustadhus, Bjørsvika. Eksisterande. Føresegner for reguleringsplan, planid. 199301, er gjeldande så langt den passar.

BAB27 Molo/småbåthamn Hauge. Eksisterande.

BAB28 Hauge, byggjeområde ved Skjeret. Byggjegrænse mot sjø 5 m. Føresegner for reguleringsplan, planid. 199301, er gjeldande så langt den passar.

BAB 29 Hauge, byggjeområde ved Håkssanden. Byggjegrænse mot sjø 5 m. Føresegner for reguleringsplan, planid. 199301, er gjeldande så langt den passar.

BAB30 Molo Iglandsvik. Bandlagt for regulering.

BAB31-35 Naust- og sjøbuområde Iglandsvik. Bandlagt for regulering.

BAB39 Berle, fortetting 4 nye naust. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

BAB40 Novelandet, molo og naustområde. Eksisterande.

BAB41 Kalvåg, høgdebasseng for vassforsyning.

BAB42 Berle, gbnr. 72/5. 4 nye naust. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

BAB43 Berle, gbnr. 69/8, 1 nytt naust. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

BAB44 Gloføk. 2 nye naust. Byggjegrænse mot sjø er 2 m.

BAB45 Gloføk. Byggjegrænse mot sjø fylgjer eksisterande bygg.

BAB46 Haukedalen. Anna byggjeområde med plankrav. Skredfare.

BAB96 Setredalen. Damanlegg og lukehus.

BAB97 Setredalen kraftverk. Lager- /riggplass og parkering.

BAB98 Øyra. Taubanestasjon og riggplass, for Åskora kraftverk.

BAB98 Åskora. Kraftstasjon med tilhøyrande anlegg og trafostasjon.

BAB103 Sigdestad kraftverk. Damanlegg og lukehus.

BAB104, Ålfoten, fortetting med 1 naust for gbnr. 115/5 (parsell med matrikelnr. 0/0). Byggjegrænse mot sjø 2 m.

BAB105, Ålfoten, fortetting 3 einingar naust på eksisterande nausttuffer. Byggjegrænse mot sjø 2 m.

BAB106-108, 111-140, 142, 153-155 og 175 er vassdragsanlegg i fjellet. Berre tillate med tiltak som er avklara gjennom konsesjon.

BAB109 Lunden, funksjonærbustader med tilhøyrande småbåtanlegg.

BAB110 Eksisterande transformatorstasjon Lunden.

BAB141 Vestrebotnen i Svelgsdalen. Masselager og massehandtering. Plankrav. Skredfare, tilkomst og tilhøve til kraftliner og til forureiningsregelverk må avklarast gjennom detaljregulering.

BAB143 Svelgen transformatorstasjon. Eksisterande.

BAB144 Damanlegg Litlevatnet.

BAB145 Småbåthamn Svelgen sentrum. Eksisterande.

BAB146 Naustneset. Plankrav ved regulering av VS19. Området er for naust, sjøbuer og mindre lager/toalett for båthamn VS19, og småbåtslipp. Byggjegrænse mot sjø fylgjer føremålgrensa. Ved detaljregulering skal det leggjast vekt på å ta vare på kulturmiljø, landskap og naturmiljø. Detaljar blir fastsett i plan.

BAB147 og 148 Sjøbuer Sande. Eksisterande.

BAB149 Naustområde Fremstevika Sande. Eksisterande.

BAB150 Naustområde Mevika Sande. Føresegn for reguleringsplan, planid. 198201 er gjeldande så langt den passar.

BAB151 Kommunalteknisk anlegg nedste Langeneset. Eventuelle bygningar skal gjevast ei estetisk god utforming tilpassa landskap og omgjevnader.

BAB156 Indrehus kraftstasjon med tilhøyrande anlegg.

BAB159 og BAB160, Sørgulen, vasskraftverk.

BAB161 Guleslettene vindkraftverk.

BAB162 Eikeland gbn 39/2. Område for mellomlagring av reine massar for gjenbruk. Mulege lommar av kvikkleire vurderast nærare, det same gjeld jord- og flaumskredfare. Evt reell fare avbøtast før det kan gjevast løyve til anleggstiltak.

BAB164 Deponi Setrevika. Reguleringsplan, planid. 200602 er gjeldande så langt den passar.

BAB165 Naust Tretteskjervika. Byggjegrænse mot sjø 2 m.

BAB166 Dyrstad kraftstasjon. Eksisterande anlegg.

BAB167 Hennøy vindkraftverk

BAB168 Isane, Storelva, vasskraftverk framtidig

BAB169 Kalvåg vassverk, reservevassforsyning for Kalvåg

BAB170 Ålfoten. Opning for bygging av servicebygg/lager i samband med båthamn. Byggjegrense mot sjø 2 m.

BAB173 Damanlegg Rylandsvatnet, eksisterande.

BAB177 Berleneset. Naust/sjøbu, eksisterande.

BAB178 Ryland. Molo og kaianlegg, eksisterande.

BAB179 Berle gbnr. 72/1. Fortetting med 3 nye naust. Byggjegrense mot sjø er 2 m.

BA180 Småbåthamn, Breivika Svelgen

BAB181 Berle, Gottraneset. Fortetting med to nye naust.

BAB182 Langesjø. Eksisterande fellesnaust. Kan gjerast enkel tilrettelegging for friluftsliv.

2.11 Uteopphaldsareal (1600), BUT1 – BUT2

Føremålet omfattar uteopphaldsareal.

2.12 Grav- og urnelund (1700), BGU1 – BGU13

Føremålet omfattar kyrkjer med kyrkjegardar, og gravplassar.

2.13 Kombinert byggje- og anleggspføremål (1800), BKB1 – BKB15

BKB4 fritidsbustader, bustader og friområde Gildreneset/Smørhamn. Fellesføresegn for byggjeområde fritidsbustader/bustader jf. pkt 2.1.1 og 2.2.1 gjeld. Fortetting med 3 fritidsbustadeiningar, og i tillegg 6 nye einingar (bustad/fritid) innanfor planområdet for utbyggingsplan Smørhamn (planID 200501). Byggjegrense mot sjø er 50 m.

BKB15 Struen ved fiskerimolo. Eksisterande føremål næring/fiskeri, kombinert med bustad i 2.høgda. Byggjegrense mot sjø fylgjer eksisterande bygg. Plankrav ved endra bruk.

3. SAMFERDSELSANLEGG- OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, § 11 – 7, nr 2 (2000)

3.1 Samferdselsanlegg (2001), S1 – S16

Trafikkareal, land.

3.2 Hamn (2040), SHA1 – SHA13

Hamneområde, landareal.

3.3 Parkering (2080), SPA1 – SPA27

SPA1 Steinset. Byggjegrænse mot sjø følger planføremål. Evt heving av terreng skal avsluttast med mur eller plastra skråning, mot sjø.

SPA9 Parken ved Elkem. Eksisterande parkering. Kan nyttast som kvileplass for tyngre køyretøy til Elkem, inntil ny løysing kjem på plass. Eit enkelt sanitærbygg med maks. 50 m² BRA for park, parkering og båthamn kan oppførast innanfor føremålet. Plankrav for eventuelle større tiltak.

SPA12 Svarstaddalen. Parkeringsplass for friluftsliv i utmark.

SPA17 Eksisterande parkeringsplass ved Elkem. Gjennom detaljregulering kan det opnast for etablering av parkeringshus i fleire høgder.

SPA18 Eksisterande parkeringsplass Langesjø. Bruk av plassen som hindrar parkering for skyte- og skianlegg og friluftaktivitet, er ikkje tillate.

SPA20 Risevatnet. Parkeringsplass for tursti.

SPA21 Hamnen. Parkering for tursti.

SPA22 Grotle mellomalderkyrkjegard. Eksisterande parkering.

SPA23 Grotle mellomalderkyrkjegard. Utvidingsareal for parkering.

SPA24 og SPA25 Berleneset. Parkeringsplass for tursti til Hornelen.

SPA27 Parkeringsplass ved Berle kyrkje.

4. GRØNSTRUKTUR § 11-7, nr 3 (3000)

4.1 Naturområde (3020), G1 – G3

I desse områda kan det leggjast til rette for rekreasjon og turstiar i avgrensa omfang. Grønstrukturen skal vere rådande.

4.2 Friområde (3040), GF1 – GF55

4.3 Park (3050), GP1 – GP2

4.4 Turdrag (linesymbol 1140).

Framtidige turdrag er vist med linesymbol 1140.

Ytste Naustneset (GF34):

Tursti kan tilretteleggjast i inntil 1 m breidde. Terrenginngrep skal vere så små som råd er. Tilrettelegging kan gjerast ved enkel utjamning av terreng (maks 0,5 m terrengendring). Flytting av mindre stein og fjerning av busker og tre kan gjerast om nødvendig. Ein bør unngå våte parti. Dersom det likevel er nødvendig, kan våte parti masseutskiftast med grus. Klopper kan etablerast i materiale tilpassa naturlandskapet. Det kan setjast opp kvilebenker på eigna stader.

Snarveg frå regulert bustadfelt nedste Langeneset Eikeland til fylkesveg 614 via jølet mellom gbn 39/38 og 39/18: Kan opparbeidast i 1 m breidde med masseutskifting og evt fast dekke.

Tursti Grotle-Veten: Stien kan skiltast og merkjast. Stien kan enkelt tilretteleggjast ved å leggje klopper i stein eller tre over våte parti.

5. LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL § 11-7 nr 5 og 6 (5000)

5.1 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (5001), L, LNF

Innanfor LNF-områda er det berre tillate utbygging som har direkte tilknytning til stadbunden næring.

Mellombelse tiltak er ikkje tillate, utan at dei er nødvendige i samband med tradisjonell landbruksdrift. Det same gjeld flyttbare bygningar, konstruksjonar, anlegg.

Turdrag med linesymbol 1140 kan tilretteleggjast i samsvar med punkt 4.4.

5.2 LNF for spreidd bygging (5200) LS, LSB, LSF

Områda opnar ikkje for næring. Jordlova §§ 9 og 12 gjeld. Nye tomtar og bygningar skal knyte seg til eksisterande bygnad og infrastruktur, som skal samordnast så langt som råd. Dersom det skal delast frå eller byggjast 3 eller fleire einingar, skal det utarbeidast bindande situasjonsplan som viser tomtane og infrastruktur, inklusive eksisterande element som skal takast vare på. Dèt kan vere for eksempel stiar, snarvegar og kulturlandskapselement.

5.2.1 LNF for spreidde bustader og fritidshus (5200), LS1 – LS36

Felles føresegn i punkt 2.1.1 er gjeldande for bustadhus og punkt 2.2.1 er gjeldande for fritidsbustader i LS-område. For område med spesielle føresegner (liste under) gjeld desse framfor dei felles føresegnene. Fritidsbustadar skal ikkje plasserast på dyrka jord.

Mindre tiltak, jf. pkt. 2.1.2, 2.2.2, 2.4-2.8 og 2.10.3, er definert som ikkje-søknadspliktige tiltak etter pbl. §20-5 og tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå føre, jf. pbl. §20-4 bokstav a og e.

Mindre tiltak på eksisterande bygde tomatar/eigedommar innanfor dei underståande opplista områda, er tillate.

LS2 Frøyneset. 2 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse. Det skal takast særleg omsyn til landskap.

LS5 Øvre Tuftene, Novelandet, 2 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse.

LS7 Nødset sør. Eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomatar/eigedommar er tillate. Byggjegrænse mot sjø følgjer kommunal veg/planføremålet

LS9 Eikeset, 3 nye einingar.

LS10 Iglandsvik. Eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomatar/eigedommar er tillate. Byggjegrænse mot sjø følgjer fylkesvegen/føremålsgrænse.

LS12 Berle, øvre del av gbnr. 72/5. 3 nye einingar. Krav om situasjonsplan med samordna infrastruktur.

LS14 Berle, eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate. Byggjegrænse mot sjø følgjer eksisterande bygnad.

LS15 Endal, 3 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse.

LS23 Myklebust i Midtgulen. 2 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer formålsgrænse.

LS25 Indre Hauge. Inntil 3 nye einingar.

LS26 Indre Hauge. Eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse.

LS27 Indre Hauge. Eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate.

LS29 Sigdestad, Ålfoten. Eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate.

LS35 Indre Grotle. 3 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse .

LS36 Indre Grotle, 3 nye einingar. Byggjegrænse følgjer føremålsgrænse.

5.2.2 LNF for spreidde bustader (5210), LSB1 – LSB105

Felles føresegn i punkt 2.1.1 er gjeldande for bustadhus i LSB-område. For område med spesielle føresegner (liste under) gjeld desse framfor dei felles føresegnene.

Mindre tiltak, jf. pkt. 2.1.2, 2.2.2, 2.4-2.8 og 2.10.3, er definert som ikkje-søknadspliktige tiltak etter pbl. §20-5, og tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå føre, jf. pbl. §20-4 bokstav a og e.

Mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar innanfor dei underståande opplista områda, er tillate.

LSB38 Bakkane på Hauge, eksisterande. Ingen nye einingar. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar, er tillate.

LSB77 Hauge i Berle, 3 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse.

LSB90 Dombestein, eksisterande. Berre mindre tiltak på eksisterande bygde tomtar/eigedommar er tillate. Byggjegrænse mot sjø følgjer planføremålet.

LSB93 Sigdestad, 3 einingar. Plankrav ved planlagt utbygging av meir enn 3 einingar. Kraftliner, terreng og landskap skal takast omsyn til ved plassering av tomtar og infrastruktur.

LSB94 Sigdestadneset, 3 nye einingar.

LSB99 Ytrehus, 3 nye einingar.

LSB101 Sørgulen, 2 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer føremålsgrænse.

LSB102 Nesbø. 5 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø er 50 m . Krav om bindande situasjonsplan for heile området, der tomtstruktur og tilkomst skal gå fram, før frådelling og bygging. Mulig bekkeløp i grænse mellom gbnr. 35/3 og 35/4 må takast omsyn til.

LSB103 og 104 Indre Grotle, eksisterande bustadar. Berre mindre tiltak på eksisterande bustadtomtar er tillate.

LSB105 Varpe. 3 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer fylkesvegen.

5.2.3 LNF for spreidde fritidshus (5220), LSF1 – LSF51

Felles føresegn i punkt 2.2.1 er gjeldande for fritidsbustader i LSF-område. For område med spesielle føresegner (liste under), gjeld desse framfor dei felles føresegnene.

LSF3 Nybø, 3 einingar. Fritidsbustadar skal ha maks 1 etasje + loft/hems, og tilpassast landskapet i utforming, materialval og farge. Det skal ikkje byggjast veg fram til området, leggjast inn vatn eller etablerast avlaup med utslepp til sjø. Byggjegrænse mot sjø skal fylgje formålsgrænse.

LSF8 Fagredalen, Eikeset, stølsområde. 3 nye einingar plassert i tilknytning til eksisterande skogsveg/stiar. Maks BYA 50m², hems, dvs ikkje måleverdig areal på loft. Saltak 35 – 45 grader takvinkel. Maks gesimshøgde 5m. Pæling eller murung/fylling meir enn 0,5m høgde er ikkje tillate. Platting kan etablerast med inntil 20m² i tilknytning til bygningen. Tomtane skal ikkje gjerdist inn. Det kan ikkje etablerast hage eller plen, og det skal nyttast tradisjonelle materialar. Betongdekke eller asfalt kan ikkje nyttast. Einingane skal ikkje ha innlagt vatn, og det skal nyttast biotoalett for avlaup. Utbygging på myr skal unngåast, og det skal ikkje gjerast tiltak som kan medføre drenering av myrområdet sørvest i føremålsområdet.

LSF33 Berle, Murvik, 2 nye einingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer fylkesveg.

LSF35 Berleneset. 5 einingar. Plankrav. Byggjegrænse mot sjø og tilpassing til landskap skal vurderast nøyare gjennom detaljregulering. Skredfare, jf. H310_4, må avklarast gjennom detaljregulering.

LSF38 Dombestein, 1 ny eining.

LSF39 Førde i Ålfoten. 2 nye einingar.

LSF40, Dalsete, 5 nye einingar. Føresegner LSF8 Fagredalen gjeld. Jord- og flaumskredfare må avklarast ved bygging innanfor faresona. Byggjegrænse mot vatn er 40 m.

LSF43 Førdssetra, Ålfoten, 5 nye einingar. Byggjegrænse mot Daleelva fylgjer skogsvegen. Føresegner til LSF8 Fagredalen, gjeld.

LSF44 Nesbø. 5 nye einingar. Krav om skredfarekartlegging. 40 m byggjegrænse mot Omvendekarvatnet. Føresegner til LSF8 Fagredalen, gjeld.

LSF50 Endalsvatnet, 6 nye einingar. Krav til utforming m.v. som for LSF8 Fagredalen, Eikeset, gjeld. Byggjegrænse mot vatnet er 50 m.

LSF51 Hestvik Berle. 5 einingar. Plankrav. Krav om arkeologiske undersøkingar. Byggjegrænse mot sjø følgjer kommunal veg.

6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (6000)

6.1 Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone (6001)

Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone. Føremålet gjeld fleirbruksområde i sjø for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske.

Fortøyingar for akvakultur kan tillast i vass-søyla dersom desse ligger djupare enn kote minus 25 meter, og ikkje går inn i underføremål natur, fiske eller ferdsel. Dette gjeld fortøyingar frå akvakulturanlegg i nabokommunane òg.

Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar er tillate innanfor planområdet.

6.2 Ferdsl (6100), VFE1 – VFE4, VF8

VFE1, Indrehus. Plankrav saman med BN64, næring.

VFE2 Holmaneset, hamneområde ved BN55. Omsyn til farlei og skipstrafikk i Nordgulen må ivaretakast.

VFE4 Struen, hamneområde ved BN15 og BFT4 i Struen

VF8 Kjelkenes. Plankrav ilagmed BN54.

6.3 Ankringsområde (6110), ANK1 – ANK2

Ankringsområde Nordgulen og Husefest.

Innanfor ankringsområda vert det ikkje tillate med tiltak som er i konflikt med bruken av området til ankring. Til dømes kablar, røyr, leidningar og andre tiltak som kan vere til hinder for sikker forankring. Føremålet heimlar ikkje fysiske inngrep. Området kan ikkje nyttast til opplag.

6.4 Farlei (6200), VF1 – VF8

Omfattar hamneområde i sjø.

6.5 Hamneområde i sjø (6220), HOS1

Hamneområde ved Yksneelvane næringsareal. Aktuelt for utskiping av drikkevatt.

Det må ikkje planleggjast arealbruk som kan komme i konflikt med navigasjonsrettleiinga i farvatnet. Det er særst viktig at det ikkje vert planlagt tiltak som kan skjerme mot fyrlyktene sine sektorar (Ålfoten lykt).

6.6 Småbåthamn (6230) pbl §§ -11 nr. 4, VS1 – VS32

VS1 Frøyalandet. Plankrav. Tilkomst via BFT1.

VS2 Jakopshamn, Smørhamn. Plankrav. Planen skal inkludere areal til tilkomst og parkering, dvs del av BAB11. Båthamn skal etablerast med flytande konstruksjonar, og det skal ikkje fyllast i sjø. Maks. 15 båtplassar. Vurdere avgrensing av området gjennom detaljregulering.

VS4 Rylandsholmen. Utviding med 5 plassar ut over dei 9 eksisterande.

VS5 Løvikneset, eksisterande fiskerihamn/båthamn

VS7 Fiskerihamn/båthamn Struen.

VS11 Berle, småbåthamn, gjestehamn. Utbetring av kai og tilflot, og utlegging av flytebyggje for inntil ti småbåtar, er tillate.

VS16 Øyretangen Ålfoten. Småbåthamn. Plankrav ilagmed BFT18, BFT19.

VS19 Naustneset. Plankrav ilagmed BAB146 og fremste del av neset, GF34. Planen må ivareta farlei og manøvreringsareal for skipstrafikken til og frå Elkem Bremanger og Svelgen kai.

VS21 Kjelkenes, eksisterande småbåthamn. Byggjegrænse mot sjø fylgjer eksisterande bygnad. Føresegner for reguleringsplan, planid. 199401, er gjeldande.

VS22 Kjelkenes, småbåthamn utviding. Det kan leggjast til rette for inntil 30 nye båtplassar. Plankrav ved etablering av molo av steinfylling.

VS24 Sagebø. Eksisterande båthamn, med opning for inntil 4 nye småbåtplassar (totalt 8 plassar). Av omsyn til ålegras-lokaliteten skal det ikkje gjerast nye tiltak på botnen eller setjast opp pålar, men berre flyteelement med feste til moloen. Ny flytebyggje skal avgrensast til 3 x 15 m.

VS25 Småbåthamn Ålfoten. Inntil ti plassar, og byggjing av skjermingsmolo er tillate. Krav om detaljregulering.

VS26 Førde i Ålfoten, småbåthamn i tilknytning til BFT20.

VS29 Vindspollen, småbåthamn i tilknytning til BFT25 og BFR77. Plankrav. Strandsoneverdiar, spesielt landskap og naturmangfald, skal særleg vektleggjast i detaljregulering. Stabil byggjegrunn må sikrast gjennom detaljregulering.

VS30 Berleneset. Eksisterande molo/båthamn.

VS31 Igland. Molo/småbåthamn. Området skal nyttast til bygging av molo og bryggjer. Fortøyingsbøyer og flytebyggjer for småbåtar kan leggjast ut. Molo/fylling mot sjø skal avsluttast med mur eller plastring. Sjøbu skal kun nyttast til oppbevaring av reiskap for fiske og fangst. Byggjegrænse mot sjø skal fylgje veggiliv for eksisterande sjøbu.

VS32 Båthamn Breivika. Plankrav saman med BN38. Mulige tiltak for å avgrense skade på ålegraseng Breivika og omsyn til bustadane i Strandvegen, skal vektleggjast i detaljregulering. Stabilitet i grunn må utgreiast i detaljregulering.

6.7 Fiske (6300), VFI1 – VFI18

Omfattar fiske, fangst og kaste- og låssettingsplassar. Det er ikkje tillate med tiltak som hindrar utøving av aktivitet knytt til føremålet. I område med både fiskeføremål og skipslei, føreset ein at fiskeaktivitet blir tilpassa nyttetraffikk.

6.8 Akvakultur (6400), VA1 – VA13

All ny verksemd, herunder anleggsendring, krev konsesjon etter akvakulturlova.

Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innanfor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlover berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand (PBL § 11-9, nr. 6).

Heile anlegget, med fôrflåte, inkludert ei ferdselsforbodssone på 20 meter rundt oppdrettsanlegget, skal ligge innanfor akvakulturformålet, jf. § 11-11 nr. 3. Fortøyingar djupare enn 25 m kan gå utom føremålsgrensa. For å unngå støyulemper i nærmiljøet skal det etablerast landstraum for anlegg mindre enn 500 m frå busetnad.

Anlegg skal etablerast slik at det kan passere småbåtar på landsida av merdene, og slik at dei elles er minst muleg til hinder for andre sjøretta aktivitetar.

VA1 Bakjestranda, Nødset. Eksisterande og framtidig.

VA2 Skipperdalsneset, Berle. Eksisterande og framtidig.

VA3 Gulestøa. Eksisterande.

VA5 Fureneset, eksisterande.

VA6 Løypingneset. Eksisterande og framtidig. Rekkefølgekrav: Før søknad om utviding må det vere avklart at biologisk mangfald ikkje vert skadelidande. Lokalitet Marøyna må vere avvikla innan 6 månader etter at utvidingsareal ved Løypingneset er teke i bruk.

VA8 Grunneneset. Eksisterande. Opnar for anleggsending innfor føremålet.

VA9 Endal Vest, eksisterande og framtidig. Rekkefølgekrav: Før søknad om utviding må det vere avklart at biologisk mangfald i sjøen ikkje vert skadelidande.

VA10 Juvika, Dombestein. Eksisterande og framtidig.

VA11 Isane. Eksisterande.

VA12 Svartekari, Davik. Eksisterande og framtidig torskeoppdrett.

VA13 Busta. Framtidig.

6.9 Drikkevatt (6500), VD1 –VD43

Det kan ikkje gjerast tiltak i vatn, som kan påverke vasskvalitet i negativ lei.

Det kan etablerast mindre tiltak som er nødvendige for bruken av vatnet til drikkevasskjelde.

VD2 Sagevatnet. Ny drikkevasskjelde. Føremålet heimlar ikkje rørgate.

6.10 Naturområde (6600), VN1 – VN12

Det skal ikkje gjerast tiltak som kan påverke verdien området har som naturområde.

6.11 Friluftsområde (6700), VFR1 – VFR58

Det kan ikkje gjerast tiltak som minskar verdien området har for friluftsliv.

7. OMSYNSSONER

7.1 Faresone (pbl. § 11-8 a)

7.1.1 Skredfare, H310

Omsynssoner H310 viser fareområde for snø-, stein-, jord- og flaumskred. Løyve til tiltak kan først gjevast når fagleg utgreiing har dokumentert tilstrekkeleg tryggleik, og evt sikringstiltak er prosjekterte og utførte, av fagkunnige.

H310_1 Skredfare innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3 (jf. byggteknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkunnige.

H310_2 Skredfare innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggteknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkunnige.

H310_3 Skredfare innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/5000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 (jf. byggteknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkunnige.

H310_4 Omsynssona syner potensiell skredfare med grunnlag i aktsemdområde for skred i bratt terreng. I alle plansaker og før gjennomføring av tiltak må fagkunnige avklare reell skredfare og dokumentere tilstrekkeleg tryggleik (jf. byggteknisk forskrift §7-3) mot skred.

7.1.2 Flaumfare, H320

Ved etablering av nye bygningar lågare enn nivået for ein 200 års stormflo, skal tiltaket ved planlegging og byggesakshandsaming vurderast i høve stormflo/havnivåstigning.

7.1.3 Sone for tryggleik kring storulukkeverksemder, H350

Innanfor faresona skal det ikkje etablerast nye større tiltak utan at tilstrekkeleg tryggleik er dokumentert.

H350_1 Elkem, Svelgen

H350_2 Birkelid/Holmaneset, Forcit, mulig hydrogen- og ammoniakkproduksjon

7.1.4 Anna fareområde, H390

H390_1 Helikopterlandingsplass Svelgen sentrum. Det skal ikkje gjerast tiltak som kan hindre helikopterlanding.

7.2 Sikringssone (pbl § 11-8)

7.2.1 Nedslagsfelt drikkevatt

Omsynssone H110 omfattar drikkevasskjelder med nedslagsfelt. Innanfor omsynssona skal det ikkje tillatast tiltak eller aktivitetar som kan påverke vasskvaliteten negativt.

7.3 Soner med særlege omsyn (pbl. § 11-8 c)

7.3.1 Omsynssone friluftsliv, H530

Områda omfattar viktige og svært viktige friluftsområde, jf. DOK Kartlagde og verdsette friluftsområde, og strandsone Struen – Hogssanden, som skal skjermast mot utbyggjing og andre tiltak som kan vere til ulempe for friluftsliv.

7.3.2 Omsynssone landskap, H550

Omsynssona omfattar område der landskapsverdien er vurdert som særleg viktig. Store landskapsinngrep og andre tiltak som har negativ påverknad på landskapet kan ikkje tillatast.

H550_1 Hjeltneset

H550_2 Hornelen

Bevaring naturmiljø, H560

Inngrep og aktivitet som kan skape negative ringverknader for registrert utvald naturtype, kan ikkje gjevast løyve til.

Bevaring kulturmiljø, H570

Byggje- og rivingstiltak som bryt med omsynet til kulturmiljøet kan ikkje tillatast. Det kan gjevast løyve til tiltak som styrkjer bevaringsføremålet.

Struen – sjøhusmiljøet skal takast vare på, med sjøbuer, naust, støer m.v.

Gottraneset, Tongane, Ospeneset – krigsminne frå 2.verdskrig

Smørhamn handelsstad

Svoraneset – steinmurar og grunnmurar frå tidlegare bygg

Geitholmen - fiskerihistorie

7.4 Bandleggingszone (pbl. § 11-8 d)

7.4.1 Etter lov om kulturminne, H730

I omsynssone H730 er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggast fram for regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8».

H730, Ålfoten mellomalderkyrkjegard, er ein automatisk freda mellomalderkyrkjegard. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Det er ikkje tillate å gjere andre tiltak i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkja og kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Planlegging av tiltak i omgjevnadane må ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknadane i landskapet.

H730, Vingen helleristningsområde. Områdefreding, jf. kulturminnelova §19, med tilhøyrande føresegner. Det er ikkje tillate å opphalde seg innanfor det bandlagde området utan at det ligg føre særleg løyve.

7.4.2 Bandleggingszone etter naturvernlova, H720

For desse gjeld eigne verneføresegner, jf.Lovdata.

7.4.3 Bandleggingszone etter energilova (pbl. §11-8 d), H740

Omsynssona omfattar sentral- og regionalnettanlegg. Arealet er bandlagt i medhald av energilova.

7.4.4 Bandlegging i påvente av regulering

H710_1 Kystvegen Florø-Måløy frå Nygård, Skatestraumen, til kommunegrensa

H710_3 Sigdestadneset, reguleringsendring hyttefelt/camping

H710_4 Iglandsvik, reguleringsendring

H710_6 Holmaneset, reguleringsplan for hydrogenfabrikk med utskipingsområde

8. Infrastruktur- og samferdselslinjer

8.1 Infrastrukturlinjer

1167 Overføringsanlegg for energi

8.2 Samferdselslinjer

1122 Hovudveg

1124 Samleveg

1125 Tilkomstveg


1130 Gang- og sykkelveg – er vist langs fv. 5706 på strekninga Struen-Grotle. Realisering vil krevje detaljregulering.

1140 Turvegtrasè – framtidige turdrag, jf. pkt. 4.4


1161 Farlei - Skipsleiene er viste med linesymbol (1161, Samferdselsline), og viser viktige leier. Skipsleia omfattar nødvendig sjøareal for skipstrafikken, og avgrensinga er såleis ikkje definert i planen.

9. Vedlegg 1-8


Vedlegg 01, avgrensing lokalsenter Kalvåg




Vedlegg 03, avgrensing lokalsenter Iglandsvik



Vedlegg 06, avgrensing lokalsenter Ålfoten



Vedlegg 07, avgrensing sentrumsområde Svelgen



Vedlegg 08, Juridisk bindande illustrasjon til føresegnene pkt 2, bustadføre mål, B73

Område som skal takast vare på for leik, merka med mørkare grøn farge

